

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

---

## **KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)**

### **VIII. Eitt-teiknsinnskrifter**

[**881**] N-32965. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 48; 1990b: [41]; 1994c: 255, 263.)

Innskrifta står på eit knivbladliknade trestykke, 159 mm langt, 24 mm breitt og 5 mm tjukt. Funnet vart gjort i 1975, felt FK, hovudfase 3/4. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast til ein periode som strekkjer seg heilt attende frå slutten av 900-talet og fram til ca. 1100. På den eine sida av gjenstanden er det ein del riss som kan vera der av dekorative grunnar, men runer er det ikkje. På hi sida eit teikn som nokså sikkert må oppfattast som rune, 22 mm høg med boge som dekkjer mesteparten av staven.

þ

**þ**

Dei merkelappar vi elles kjenner med ei einskild rune, har i tillegg bumerkeliknade symbol (N739, 767). Om det her er eigarmerking på same måte som vi har det på merkelappar, eller om det er noko anna, kan såleis ikkje avgjerast.